

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 39

Fylke: Sogn og Fjordane

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Davik

Emne: øgtidsmat ved familjefester

Bygdelag: Endal, Askeland, Davik

Oppskr. av: .Aardalsbakke

Gard:

(adresse): Davik

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

-----og ans Kolset

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1 Ja

Ja det var skikkat grannekonor ^{og lekning} (kom med sending til bar-

konor.

2

Dei kom enkeltvis, men visste dei ikkje om kvarandre
kunne dei nok kome fleire på same tid.

3

Nei

4

Dei kunne koma dagen etter fødselen

5

Dei kom som regel berre eingong.

6

I eldre tid var det alltid rømebraut dei skulfe ^{ha} med.

7

Fell bort.

8

Dei bar alltid barselbrauten i ein ambar som var tre-
farga med svimerke på. ^{han} var alltid kvitskura. I seinare
tid kunne dei og bera ^{han} i fat som var inntulla i eit
reint kløde.

9 Ein kalla det for sengamat

10

Det var alltid kona som gjekk medsendinga.

11

Det var ikkje skikk at mannen fylgde med.

Dei som kom med sendinga skulle ^{ha} traktering, men det var ingen skilnad

12

om det var gut eller gjente

13

Det ser ikkje ut til at dei adde noko sers namn på
dei samkomene. Det var „konemåtid“ dei brukte.

14

Det var så ymist. Sume tider fekk dei traktering. Andre
tider venta dei gjerne til kona var oppe att og då
^{heldt} dei konemåtid. Ein kalla ikkje det for „barsøl“.

15
16
17
18
19
20
21
22
23
24
25
26
27
28
29
30
31
32
33
34
35
36
37

Ja.

Ei meinar det er omlag 20 år sida det tok til å skifte om ,slik at det apselutt ikkje skulle vera graut.

Nei ikkje før .

Ja No kan dei gjeva ty eller pengar.

Ibarnedåpen var slekt og grannar med

Det heitte og heiter barsøl

Nei.

Det kan ingen svare på.

Det heiter barsøl endå men no er det mest berre fadderane som er mād. DEi gjev då dåpsgåve i pengar. Mest gjev ho som bar

Ja dei fekk litt betre mat enn elles. Elles heldt dei ikkje noko lag .

ved fylte 50 -60 -70- o.s.b.

Ja det kom berre dei som var bedne. Ein brukar ikkje å møte opp andre

Ja ein gjev gåver men det er berre dei som er bedne som gjer det

Nei ikkje som ein hugsar.

Ja no er det sjokolade, kringle og bløtkake ,men ikkje lys på.

Ein veit ikkje å svare på det.

Ja no held ein ~~konsselskap~~ ^{konfirmasjonsselskap}..Kom i bruk for 30-40 årsida n. Bld slekt og grannar også fadderne.

Nei ein sender ikkje sendingar.

Ja ein gjev gåver til konfirmantene, berre dei som er i gjestebodet gjev.

Nei

Nei

Ja no ar ein forlovelsesgilde

I gamle dagar hadde dei brudlaup i 3 dagar, brudlaupsdagen, skåldagen og reisedagen.. Alledagar var det morgenbete på senga, så var det frukost. Det var skaffå og skivor, svelekake og lefse med smør og gamalost på. Så var det middag. Det måtte vera kjøtmat første dagen. Andre dagen, skåldagen gav gjestene i skåla som ein kalla det. Då skulle det vera røme-graut til middag, elles var måltida som første dag. Så var det non. Då var det kaffi og skivor aft. Så var det kveldsmat. Reisedag skulle ein mangestader ha spekemat til middag.

39 Kvar huslyd måtte ha med seg ei brudlaupskorg. I den skulle vera smør, lefse, gombe, vaflar og på toppen var det ei kake som dei kalla „Brurekaka“.

40 Ja smøret skulle vera pynta og lefsene skulle vera „sneka“ som ein sa.

41 Nei det kjenner ein ikkje til

42 Det var no Bryllaupskorg som var mest brukt. Sume stader brukte dei namnet „Folne“.

43 Gjestane tok det med seg

44 Dei som hadde korg kom alltid kvelden før, brudlaupsafta dei kalla. Dei vart sfjølvsagt bedne til bords straks dei kom på garden og traktert med det beste som huset kunne by både av mat og drikke.

45 Når dei slutta laget skulle dei som hadde korg med seg ha noko attende med seg i korga.

46 Det var vertinna som stod for heimsendinga.

47 For ca 20 år sidan vart det meir og meir slutt på 3 dagars brudlaup. *No er det heller 2 dagar, summe inn*

48 Dei siste åra er det ein og annan som har brudlaup på hotell

49 Ja i det siste er det sume som gjer det.

50 Idet tilfelle fell fell brudlaupsgåver burt.

- 51 NEi
- 52 SLEkt og grannar vart bedne. *H*usbonden gjekk rundt og bad.
- 53 Gravølet varde berre ein dag. SLEkt som var langt unna
låg natta over *i* gravferdsgarden.
- 54 Frukost middag *og* kaffi. Dei sat alltid ved langbord.
- 55 Det var elst fisk som var brukt til middagsmat
- 56 Nei
- 57 kor smått og trangt det var så *h*adde ein alltid gravferda
*h*eime
- 58 Ja gjestene *h*adde med seg smør og mjølk. Elles ingenting.
- 59 Nei.
- 60 Tok det alltid med seg
- 61 Nei det ar ein ikkje *h*øyrte noko om
- 62 SÅ langt att ende som ein kan *h*ugse ar det vore
berre ein dags gravøl
- 63 Sidan ein slutta med *h*eimebrygg *h*ar ein ikkje *h*avt
rusdrykk i gravferder
- 64 Nei.
- 65 Frukost med kaffi og skivøt med pålegg, middag og
det er elst fisk når ein er komen att frå grava og så
er det ettermiddagskaffi med kaffi og småkaker. Sume stader
*h*ar ein ikkje frukost, berre middag og kaffi
- 66 Nei
- 67 Sjeldan
- 68 for ein 20 år sidan
- 69 For *30* år sidan
- 70 Nei.
- 71 No er det sume som gjer det
- 72 No i det allersiste
- 73 Bløtkake til kaffien.
- 74 Nei.
- 75 AV avisene